

Referat elevrådsmøte 04.11.2016

Møtt: Moemel (7b), Per Oscar (7a), Malin (6c), Solveig (6b), Simon (6a), Lawrence (5d), Fredrik (5c), Ivan (5b), Liam (5a), Mikkel (4b) og Julie (4a).

Saker:

8-2016/17 Garderobeaksjonen.

Elevrådsrepresentantane hadde gode innspel i samtalene om kriterielista i samband med garderobeaksjonen. Dei var ganske samstemd i korleis dei ville ha det i garderoben sin. Vi skreiv opp alle forslaga på tavla og bestemte at Idar ser på korleis ein kan samanfatta alle innspela og lage ei kriterieliste på 4-5 punkt etter møtet.

Elevane tok også opp spørsmålet om ein kunne hjelpe dei andre i klassa om ein såg at nokon hadde dårlig orden på plassen sin. Det er sjølv sagt heilt lov. Nokre av elevane fortalte og om at dei hadde system i klassa si der nokon i klassa hadde ansvar for å sjå over garderoben kvar dag før dei for heim. Det er lov på ulike måtar å hjelpe klassa si til å få betre orden i garderoben.

Vi kjem til å lage lister over vaktrundar. 7. klasse representantane går saman med representantane fra 4. klasse, medan 5. og 6. klasse representantane går saman.

Elevrådet hadde gode forslag til premiering. Idar tek forslaga med seg vidare og avklarar kva som er mogleg å gjennomføre med tanke på økonomien.

9-2016/17 Eventuelt

Ingen eventuelt saker.

Førebuing:

Elevrådsrepresentantane skulle ta opp med klassa si kva det vil seie å ha god orden på gangen og lage ei kriterieliste på 3-5 punkt om kva klassa meiner er å ha god orden på gangen.

Referent: Idar Rykkje Hopland